

**Sakshandsamar:**

Ole Inge Gjerald  
E-post: ole.inge.gjerald@sfj.no  
Tlf: 57 65 63 06

**Vår ref.**

Sak nr.: 08/470-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

9046/08


**Dykkar ref.**

200800545/KOE

**Dato**

LEIKANGER, 28.04.2008

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
Akersgata 44  
0032 OSLO



## **NOU 2008:3 SETT UNDER ETT – NY STRUKTUR I HØYERE UTDANNING. HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**

Utvalet for høgare utdanning (Stjernø-utvalet) leverte si innstilling til Kunnskapsdepartementet 22.01.08. Departementet sende 28.01.2008 *NOU 2008:3 Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning* ut på ei brei høyring. Departementet ønskte at høyringsinstansane m.a. skulle gje kommentarar til utvalet si situasjonsbeskriving og deira forståing av utviklingstrekk og hovudutfordringar innanfor høgare utdanning i Noreg, kvaliteten i profesjonsutdanningane ved høgskulane og omsynet til ei meir konsentrert satsing innan forskinga. Vidare vart høyringsinstansane utfordra til å kommentere spørsmålet om nasjonal styring i forhold til institusjonane sin autonomi.

Høyringsfristen vart sett til 01.05.2008.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handsama 21.04.08 *NOU 2008:3 Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning*, og vedtok følgjande høyringsfråsegn til utgreinga:

1. Fylkesutvalet støttar utvalet sine vurderingar om at innbyggjarar i alle landsdelar og regionar skal ha tilgang til høgare utdanning.
2. Fylkesutvalet meiner at den omtalte nettverksmodellen er den mest aktuelle modellen for framtidig organisering av universitets- og høgskulesektoren.
3. Fylkesutvalet legg vekt på at profesjonsutdanningane er sentrale for ei rekkje sider ved det norske samfunnet. Fylkesutvalet meiner det uavhengig av valt struktur bør vere ei stor grad av desentralisering av dei kortare profesjonsutdanningane også i framtida. For utviklinga av gode velferdstenester i eit fylke som Sogn og Fjordane er desse utdanningane, med god kvalitet, avgjerande å ha lokalt.
4. Fylkesutvalet meiner at sjukepleiarutdanninga i Førde er eit godt døme på tett samhandling mellom utdanningsstad og praksisstad. Sjukepleiarutdanninga er lokalisert saman med Sentralsjukehuset i Førde. Gjennom ei slik samordning får sjukepleiarutdanninga tilgang til praksisplassar og ein svært differensiert fagleg kunnskap. Fylkesutvalet meiner at eit slikt samarbeid sikrar god kvalitet, og for framtida bør tilbodet oppretthaldast permanent.
5. Fylkesutvalet meiner heile utdanningssystemet må medverke til å skape ein kultur for livslang læring og etter- og vidareutdanning. Dette er avgjerande for å sikre tilførsel av kompetente og fagleg oppdaterte kandidatar til arbeidslivet. For å sikre eit samordna fokus på livslang læring, meiner fylkesutvalet at eit tett samarbeid mellom utdanningsnivåa (forvaltningsnivåa) lokalt og regionalt bør vektleggast sterkare i det vidare arbeidet.



6. Sogn og Fjordane har ein relativt stor del av det internasjonalt konkurransedyktige næringslivet som er plassert i distrikts-Noreg. Fylkesutvalet meiner samspelet mellom forskings- og utdanningsmiljøa og samfunnet omkring i slike utkantstrøk ikkje er handsama systematisk i NOU 2008:3. Dette bør få auka fokus i arbeidet vidare.
7. Det er viktig for Sogn og Fjordane og næringsmiljøa i fylket at vi har eit forskingsmiljø og ein forskingskultur nær dei ulike lokale næringsmiljøa. Dette understrekar behovet for ein sterk desentralisert universitets- og høgskulemodell. Nettverksmodellen vil vere med og styrke ei slik utvikling.
8. Fylkesutvalet meiner at dei einskilde institusjonane sine styre, etter dialog med regionale myndigheiter, skal avgjere kvar det til ei kvar tid skal vere mellombelse og permanente studiestader/studietilbod.

Med helsing

Nils R. Sandal

Nils R. Sandal  
fylkesordførar

Vedlegg:

1. NOU 2008: Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning. Fylkesrådmannen si saksutgreiing til fylkesutvalet 21.04.2008.



## Sak folkevalde organ

### FYLKESUTVALET

**Saksnr.:** 43/08      **Møtedato:** 21.04.2008      **Arkivsaksnr.:** 08/470      **L.nr.:** 7619/08

Sakshandsamar: Ole Inge Gjerald

---

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesutvalet	21.04.2008	43/08

---

### **NOU 2008:3 Sett under ett - Ny struktur i høyere utdanning** **Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

#### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar utvalet sine vurderingar om at innbyggjarar i alle landsdelar og regionar skal ha tilgang til høgare utdanning.
2. Fylkesutvalet legg vekt på at profesjonsutdanningane er sentrale for ei rekkje sider ved det norske samfunnet. Fylkesutvalet meiner det uavhengig av valt struktur bør vere ei stor grad av desentralisering av dei kortare profesjonsutdanningane også i framtida. For utviklinga av gode velferdstenester i eit fylke som Sogn og Fjordane er desse utdanningane avgjerande å ha lokalt.
3. Fylkesutvalet meiner at sjukepleiarutdanninga i Førde er eit godt døme på tett samhandling mellom utdanningsstad og praksisstad. Sjukepleiarutdanninga er lokalisert saman med Sentralsjukehuset i Førde. Gjennom ei slik samordning får sjukehuset tilgang til praksisplassar og ein svært differensiert fagleg kunnskap. Fylkesutvalet meiner at eit slikt samarbeid sikrar god kvalitet, og for framtida bør tilbodet oppretthaldast permanent.
4. Fylkesutvalet meiner heile utdanningssystemet må medverke til å skape ein kultur for livslang læring. Dette er avgjerande for å sikre tilførsel av kompetente og fagleg oppdaterte kandidatar til arbeidslivet. For å sikre eit samordna fokus på livslang læring, meiner fylkesutvalet at eit tett samarbeid mellom utdanningsnivåa (forvaltningsnivåa) lokalt og regionalt bør vektleggast sterkare i det vidare arbeidet.
5. Sogn og Fjordane har ein relativt stor del av det internasjonalt konkurransedyktige næringslivet som er plassert i distrikts-Noreg. Fylkesutvalet meiner samspelet mellom forskings- og utdanningsmiljøa og samfunnet omkring i slike utkantstrøk ikkje er handsama systematisk i NOU 2008:3. Dette bør få auka fokus i arbeidet vidare.

6. Det er viktig for Sogn og Fjordane og næringsmiljøa i fylket at vi har eit forskingsmiljø og ein forskingskultur nær dei ulike lokale næringsmiljøa. Dette understrekar behovet for ein sterk desentralisert universitets- og høgskulemodell. Fylkesutvalet finn difor at den omtalte nettverksmodellen synest å vere den mest aktuelle for framtidig organisering av universitets- og høgskulesektoren.
7. Fylkesutvalet meiner dei einskilde institusjonane sine styre skal avgjere kvar det til ei kvar tid skal vere mellombelse og permanente studiestader/studietilbod.

Prenta vedlegg:

1. Ingen

Uprenta vedlegg:

1. NOU 2008:3 *Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning* (datert 22.01.2008).

## Saksframstilling

### 1. SAMANDRAG

Fylkesrådmannen ser det som tenleg at NOU 2008:3 *Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning* set søkjelyset på heilskapen forskning, høgare utdanning og samfunnsutvikling. Fylkesrådmannen meiner eit aktivt samspel mellom forskings- og utdanningsmiljøa og samfunnet omkring er viktig for kompetanseutvikling, innovasjon og næringsutvikling både regionalt og nasjonalt. Dette samspelet er viktig å ha med seg i vurderinga av ein framtidig modell for organiseringa av høgare utdanning i Noreg. For Sogn og Fjordane sin del er det særleg viktig å leggje vekt på verdien av eit velorganisert og godt utbygd profesjonsutdanningstilbod. Like eins er det viktig at høgskule- og forskingsmiljøa har eit nært forhold til regionalt arbeids- og næringsliv for å medverke til ein kultur for livslang læring regionalt.

Det er viktig for Sogn og Fjordane og næringsmiljøet i fylket at vi har forskingsmiljø og forskingskultur nær dei ulike lokale næringsmiljøa. Dette er godt omtala i utgreiinga, men fylkesrådmannen meiner likevel at konsekvensane av omtalen ikkje vert handsama fullt ut. Noreg bør ha ei desentralisert forskning og utdanning slik at ulike sider ved regional verdiskaping fungerer godt i alle ledd av verdikjeda; i produksjon samt i problemløysing og utvikling gjennom formidling av ny kunnskap og nye løysingar. Her må Noreg finne eigne løysingar og ikkje basere seg for mykje på erfaringar frå meir urbaniserte samfunn.

Stjernø-utvalet gjer i utgreiinga framlegg om at det, ut frå eit kvalitets- og ressursperspektiv, bør vurderast om det er føremålstenleg å vidareføre enkelte mindre studiestader som fullt utbygde studiestader med permanent lokaliserte fagmiljø. Høgskulen i Sogn og Fjordane, studiestad Førde, er ein av fem studiestader som vert trekte fram i samband med desse vurderingane.

Fylkesrådmannen støttar i utgangspunktet utvalet sine vurderingar om at innbyggjarar i alle landsdelar og regionar skal ha tilgang til høgare utdanning. Lokale/regionale studiesentra er etter fylkesrådmannen si vurdering eit supplement til dei større studiestadane. Nye fleksible løysingar og betre økonomiske insentiv for desentraliserte tilbod bør difor utviklast. Fylkesrådmannen meiner det bør vere dei einskilde institusjonane sine styre som får høve til å avgjere kvar det til ei kvar tid skal vere mellombelse og permanente studiestader.

Profesjonsutdanninga står sentralt i aktiviteten ved dei statlege høgskulane. Desse har mange problemstillingar felles, særleg når det gjeld korleis dei kan leggje til rette for ei god profesjonsutøving og ein tenleg praksis undervegs i opplæringa. Dei tre største utdanningane er allmennlærerutdanninga, ingeniørutdanninga og sjukepleiarutdanninga. Profesjonsutdanningane er sentrale for ei rekkje sider ved det norske samfunnet. Helse- og sosialfaga er avgjerande for kvaliteten i velferdsstaten sine tenester, lærarutdanninga for kvaliteten i oppvekst og opplæring og ingeniørutdanningane for næringslivet og infrastrukturen i både privat og offentlig verksemd.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at utvalet har arbeidd med å får fram ei styrking av profesjonsutdanningane. Uavhengig av valt struktur bør det vere ei stor grad av desentralisering av dei kortare profesjonsutdanningane. For utviklinga av gode velferdstenester i eit fylke som Sogn og Fjordane er desse utdanningane avgjerande å ha lokalt.

Utdanningssystemet må elles leggje til rette for livslang læring. Dette er avgjerande for å sikre tilførsel av kompetente kandidatar til arbeidslivet, og det stiller spesielle krav til struktur og organisering av universitet/høgskular. Stjernø-utvalet legg i si analyse for lita vekt på dei positive sidene ved dagens struktur og organisering, der m.a. også små og desentrale einingar og tilbod

spelar ei vesentleg rolle. Fylkesrådmannen meiner dette perspektivet, og samarbeidet mellom utdanningsnivåa (forvaltningsnivåa) lokalt og regionalt for å sikre eit samordna fokus på livslang læring, bør få større fokus i arbeidet vidare. Dette er argument som ytterlegare tilseier at eit godt utbygd og desentralisert nettverk mellom høgskular og universitet tenar samfunnsutviklinga i ei tid med store krav til lokalt initiativ til utvikling og fornying av entreprenøriell kompetanse.

Fylkesrådmannen ser, med bakgrunn i behovet for ein sterk desentralisert universitets- og høgskulemodell for dei rurale områda i landet, nettverksmodellen og fleircampusmodellen som dei mest aktuelle modellane for framtidig organisering. I valet mellom fleircampusmodellen eller nettverksmodellen, meiner fylkesrådmannen nettverksløysinga peikar seg ut som det beste alternativet. Innanfor nettverksmodellen må det etablerast strukturar for samarbeid og arbeidsdeling, og samarbeidet må formaliserast slik at det forpliktar alle impliserte partar. Det vil truleg vere trong for ei felles strategisk tenking i nettverket, og fylkesrådmannen ser det difor som viktig at dei strategiske mekanismane som utvalet føreslår i samband med ny finansieringsmodell også kan avtalast og setjast i verk av nettverket i fellesskap.

## **2. INNLEIING**

Føremålet med saka er å drøfte nokre sentrale framlegg i NOU 2008:3 *Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning* i lys av fylkeskommunen sine vurderingar omkring føresetnader for å drive godt regionalt utviklingsarbeid. Det er viktig med ein open debatt om organisering og struktur i den høgare utdanninga, og det er positivt at regjeringa legg opp til ei brei høyring i den fasen vi no er inne i på dette utgreiingsområdet.

Regjeringa oppnemnde 24.05.06 det såkalla Stjernø-utvalet. Med eit tidsperspektiv på 10-20 år vart utvalet bede om å føreslå tiltak for å sikre at strukturen av universitet og høgskular medverkar til å møte samfunnet sine behov og samstundes sikrar ei god ressursutnytting.

Føremålet med å setje ned utvalet, var å oppnemne ei gruppe for å vurdere den vidare utviklinga av norsk høgare utdanning i lys av samfunnet sine behov. Utgreiinga skulle ta utgangspunkt i universiteta og høgskulane si samfunnsrolle. Soria Moria-erklæringa sine målsetjingar om å styrke det regionale universitets- og høgskulesystemet har vore ein sentral premiss for arbeidet, og utvalet sitt mandat har vore å vurdere tiltak for å sikre at strukturen av universitet og høgskular:

- byggjer opp under lova sine føremål om høgare utdanning, forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå
- sikrar samspel med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv, slik at institusjonane medverkar til berekraftig økonomisk, sosial og kulturell utvikling
- gjev landet ein tilfredsstillande tilførsel av kvalifisert arbeidskraft både til privat og offentleg verksemd
- gjev nasjonal dekning av utdanningstilbod for søkjarar med ulike ynske og behov
- tek i vare vaksne sine behov for etter- og vidareutdanning på høgare nivå mellom anna ved bruk av IKT-baserte studieopplegg og desentraliserte tilbod
- søkjer å bryte kjønnsdelinga i val av studium og sikrar begge kjønn ein likeverdig plass på alle nivå innan høgare utdanning og forskning
- sikrar ein god regional balanse i studietilbod og kompetanse
- legg til rette for framleis aukande internasjonalt samarbeid innanfor høgare utdanning og forskning
- legg til rette for fagleg sterke, livskraftige institusjonar med evne til omstilling og fornying
- sikrar kvalitativt gode og robuste forskingsmiljø

- sikrar god utnytting av samfunnet sine samla ressursar.

Utvalet leverte 22.01.08 utgreiinga *Sett under ett - ny struktur i høgere utdanning* (NOU 2008: 3) til Kunnskapsdepartementet. Departementet sende deretter utgreiinga på høyring 29. januar, med ein høyringsfrist sett til 01.05.08.

### **3. KORT OM STJERNØ-UTVALET SINE VURDERINGAR OG TILRÅDINGAR**

#### **3.1 Analyse/statusvurdering**

Utvalet samanliknar det norske forskings- og utdanningssystemet med system og organisering i andre europeiske land. Det vert peika på at andre land no konsentrerer dei faglege og økonomiske ressursane i større fagmiljø. I Finland og Danmark fusjonerer ein i dag institusjonane, og saman med særleg Tyskland og Storbritannia vert det utvikla såkalla større toppuniversitet. Dette er ein av grunnane til at det no er ein stor konkurranse om studentane internasjonalt, og denne konkurransen er det viktig å delta i frå Noreg si side.

Utvalet syner til at det i dag er heile 38 statlege institusjonar som konkurrerer om studentar, tilsette og forskingsmidlar i Noreg. Det vert understreka at det i dag er denne konkurransen som avgjer utviklinga og retninga i høgare utdanning, og at den overordna, langsiktige politiske lina er fråverande. Utvalsleiar Steinar Stjernø uttrykte ei kjensle av at 'politikken har abdisert, og det er ingen nasjonal strategi for utviklingen' i si framlegging av utgreiinga 22.01.08.

Heile 8 nye høgskular har universitetsambisjonar, og utvalet drøftar ei utvikling der vi i 2020 kan ha 12 universitet. Dette vil m.a. kunne medføre at vi i 2020 har halvparten av studentane ved profesjonsutdanningar som universitetsstudentar. I 2007 hadde vi 57 studiestader, der 41 hadde mindre enn 2000 og 19 mindre enn 1000 studentar. 8 studiestader ved høgskulane hadde færre enn ein primær søker per studie plass, og ytterlegare 16 har 1,0-1,2 primær søker per studie plass. Vi veit samstundes at det frå 2015 vil vere ein liten reduksjon i ungdomskulla, og at ein stadig større del av ungdomane vil bu i byar framover. Stjernø-utvalet meiner dette talar for større grad av samordning og samorganisering av studieeiningane vi har i dag.

#### **3.2 Utvalet sine modellar<sup>1</sup>**

Nettverksmodellen er ein føreslegen modell der universitet og høgskular i kvar landsdel vert knytte saman i nettverk med sikte på å samarbeide tett om organisering og fagtilbod mellom institusjonane. Ein slik arbeidsdelingsmodell er alt i ferd med å bli utvikla på Vestlandet gjennom nettverket mellom Universitetet i Bergen og høgskulane i Bergen, Sogn og Fjordane og Stord/Haugesund. Dersom denne modellen vert vald som ei framtidig organisering av universitets- og høgskulesektoren, kan denne arbeidsdelinga vere tenleg å byggje vidare på.

Storhøgskulemodellen inneber ei samanslåing av høgskulane i kvar landsdel. I ein slik modell vil skiljet mellom høgskular og universitet bli tydelegare. For dette alternativet skisserer innstillinga ei samanslåing av høgskulane i Bergen, Stord/Haugesund og Sogn og Fjordane, og at den nye eininga får nemninga Høgskolen i Vest-Norge.

Fleircampusmodellen legg opp til ei samanslåing av både universitet og høgskular i kvar landsdel. For Vestlandet vil dette innebere ei integrering av institusjonane Universitetet i Bergen og

<sup>1</sup> Sjå NOU 2008:3 *Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning* for ei drøfting av alternative organisasjonsmodellar i kap. 6.2, 6.3, 6.4 og 6.5.

høgskulane i Bergen, Sogn og Fjordane og Stord/Haugesund, som også i nettverksmodellen skal samarbeide tett, og i tillegg Norges Handelshøgskole og Kunsthøgskolen i Bergen. I innstillinga vert det gjort framlegg om at denne eininga får nemninga Universitetet i Vest-Norge.

Prosess- og differensieringsmodellen vil på si side innebere at dei mindre institusjonane blir pålagde å søkje saman med andre institusjonar, men då uavhengig av regionale grenser. Det er såleis i mindre grad konkretisert kva denne modellen vil få som konsekvensar for Høgskulen i Sogn og Fjordane. I prinsippet vil høgskulen innanfor denne løysinga fritt kunne søkje samarbeid med andre høgskular og universitet med sikte på å bli del av ein større institusjon. Etter at institusjonane har vore gjennom ein søkje- og sonderingsprosess, vil staten avgjere kva som vert den endelege modellen.

### **3.3 Utvalet sine tilrådingar**

Stjernø-utvalet vurderer mange sider ved det norske forskings- og utdanningssystemet, og rår til ei line der det vert bygd opp strukturar med meir samarbeid og overordna styring – og samstundes mindre institusjonell konkurranse. Større institusjonar bør få ansvaret for ein samla plan for arbeidsdeling, prioritering, forskarutdanning og mastergrader. Den statlege innverknaden på arbeidsdelinga mellom institusjonane skal formaliserast, og alle strukturar, akkreditering, finansiering og leiging skal byggje opp under dette prinsippet.

Modellane som vert skisserte syner litt ulike vegar mot målet. Det vert drøfta utviklinga av nettverk mellom universitet og høgskular, ei utvida samanslåing av høgskular i ulike landsdelar og andre løysingar for å sikre toppmiljøa og samstundes styrke dei korte profesjonsutdanningane.

Utvalet konkluderer med å tilrå ein *prosess- og differensieringsmodell*, der institusjonane sjølve føreslår kva institusjonar dei skal slåast saman med. I ein slik modell vil 38 institusjonar bli reduserte til 8-10, og ein konsekvens vil også vere at ein del av dei minste studiestadane vert vurderte lagde ned. Utvalet rår til at regjeringa og Stortinget fastset den endelege institusjonsstrukturen. Dei nye, store institusjonane utviklar sin profil og prioriteringar i dialog med Kunnskapsdepartementet.

Det ligg i framlegget at det vert oppretta eit nytt organ med internasjonale ekspertar for å gje råd til departementet om institusjonane sine individuelle profilar, og så vert det lagt opp til at reforma skal fylgjast opp med 300-400 mill. kr. i 4-5 år til omstilling, OU-, leings- og identitetsutvikling.

Utvalet meiner vinstane med reforma vil vere større fagmiljø og høgare kvalitet samt ei sterkare og mindre fragmentert doktorgradsutdanning. Vidare vert det hevda å vere ein modell for mindre konkurranse, meir samarbeid og større grad av effektiv arbeidsdeling mellom institusjonar. Utvalet hevdar dette vil føre til ein sterkare konsentrasjon om fag og fagleg utvikling, og mindre om universitetsstatus og organisering. Meir tydelege institusjonsprofilar og ei overordna nasjonal prioritering fører vidare til meir langsiktig tenking og ein styrka forskings- og utdanningssektor i konkurransen internasjonalt.

## **4. FORSKING OG UTDANNING OG REGIONAL UTVIKLING**

### **4.1 Aktuelle prosessar og gjeldande tenking**

Utvalet sitt mandat er m.a. å sikre samspel med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv, slik at institusjonane medverkar til berekraftig økonomisk, sosial og kulturell utvikling. Det er for tida eit stort fokus på dette temaet, også regionalt, til dømes innan arbeidsfeltet *næringsutvikling*. Dette føregår gjennom fleire prosessar:



- Arbeidet med å etablere regionale forskingsfond
- Noregs forskingsråd sitt VRI-program (verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon)
- Noregs forskingsråd etablerer regionale stillingar/medarbeidarar i fleire fylke.

Elles i Europa vert liknande politikk sett ut i livet gjennom EU sin 'Lisboa-strategi'. Noreg kan til dømes delta gjennom Interreg-programma og i EU sitt forskingsprogram. Det sistnemnde programmet inneheld satsinga 'Regions of knowledge'.

Internasjonal tenking innanfor dette feltet byggjer på ei analyse om konkurranse mellom regionar med tunge regionale næringsklynger. Desse er kjenneteikna ved sterke bedrifter/verksemder som både samarbeider og konkurrerer, og som har velutvikla samspel med forskning, utdanning, verkemiddelapparatet og politiske styresmakter. Erfaringa syner at kapital og talent vert trekte til slike regionar. Ein konsekvens er at også det offentlege brukar pengar på kunnskapsinfrastruktur (høgare utdanning og forskning) for å forsterke konkurransedyktige klynger.

Ei slik tenking utfordrar den distriktspolitiske tradisjonen i Noreg, men også i utkantsamfunn i Europa. Også næringslivet i utkantsamfunn treng å utvikle innovative miljø inkl. kontaktflata mot dei tunge kompetansmiljøa. Dette synspunktet samsvarer med Euromontana sine innspel i høve EU si 'grønbok' om territorial cohesion (territoriell samanbinding). Noreg har eit tungt eksportorientert næringsliv i distrikta, og må difor ha relativt større fokus på utvikling av konkurransedyktige 'rurale næringsmiljø' enn det som kan vere lærdom frå meir urbaniserte samfunn.

Sogn og Fjordane har ein relativt stor del av det rurale og internasjonalt konkurransedyktige næringslivet. Når det gjeld eksport per innbyggjar, ligg fylket i landstoppen. Fylkesrådmannen meiner denne røyndommen og desse utfordringane ikkje er handsama systematisk i NOU 2008:3, og at samspelet mellom forskings- og utdanningsmiljøa og samfunnet omkring i rurale område difor ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til i kap. 16.

#### **4.2 Nærleik til regionalt arbeids- og næringsliv**

Fylkesrådmannen stiller spørsmål ved om framlegget om å slå saman universitet og høgskular i dei ulike landsdelane, til dømes gjennom den tilrådde *prosess- og differensieringsmodellen*, gjev grunnlag for auka differensiering, god tilpassing og nærleik til regionalt næringsliv.

Nokre døme frå Sogn og Fjordane kan tene som illustrasjonar her:

- Når Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning starta arbeidet med å bygge opp eit institutt for geoturisme, kontakta dei fagmiljøet ved BI i Oslo for å finne ein partnar med komplementær kunnskapsprofil. Forskingsmiljø i landsdelen vart vurderte som mindre relevante innanfor dette temaet, og ein fridom i høve samarbeidsløysingar var naudsynt.
- I arbeidet med å utvikle det 'nye næringsmiljøet' i Årdal vert det arbeidd med å få tettare band til det teknologitunge forskingsmiljøet i Trondheim. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning si rolle går også i dette dømet i retning av mogeleg samarbeid utanom landsdelen.
- Sogn og Fjordane har eit tungt fiskerimiljø i Måløy regionen. Det ligg ikkje klare "grep" i meldinga som tilrettelegg for meir systematisk samhandling mellom denne typen internasjonalt konkurransedyktige næringsmiljø og t.d. Norges Fiskerihøgskole i Tromsø.

Eit anna spørsmål som reiser seg er om meldinga framstiller nødvendig heilskap når aktiviteten i forskingsinstitutta ikkje er sett systematisk i samanheng med forskinga i høgskulane og

universiteta. I meldinga står det under kap. 16.3 at når næringslivet kjøper forskningstenester, samhandlar dei oftare med forskingsinstitutt enn med høgskular og universitet. I Sogn og Fjordane har høgskulen teke tak i dette og innleia eit tettare samarbeid med forskingsmiljøet ved Vestlandsforskning. Det er frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sin ståstad ikkje ynskjeleg å vurdere desse forskingsmiljøa uavhengige frå kvarandre.

Det er viktig for Sogn og Fjordane og næringsmiljøet i fylket at vi har forskingsmiljø og forskingskultur nær dei ulike lokale næringsmiljøa. Dette er godt omtala i kap. 16 i utgreiinga, men vi synest likevel at konsekvensane av omtalen ikkje vert handsama fullt ut. Noreg må ha ei desentralisert forskning og utdanning slik at ulike sider ved regional verdiskaping fungerer godt i alle ledd av verdikjeda; i produksjon samt i problemløysing og utvikling gjennom formidling av ny kunnskap og nye løysingar. Her må Noreg finne eigne løysingar og ikkje basere seg for mykje på erfaringar frå meir urbaniserte samfunn.

## **5. FORSKING OG UTDANNING OG OFFENTLEG TENESTEYTING**

### **5.1 Ei styrking av profesjonsutdanningane**

I førre kapittel er det sett eit spesielt fokus på forskning. Også undervisninga er ein svært viktig del av universitets- og høgskulemiljøa si samfunnsrolle, og utgjer eit grunnlag for oppretthalding av eit kvalitativt godt og likeverdig tenestetilbod. Profesjonsutdanninga står sentralt i aktiviteten ved dei statlege høgskulane. Nokre av utdanningane er relativt små og utdannar til spesialiserte yrke, som audiografutdanning og bioingeniørutdanning. Andre, som ingeniør-, lærar-, sjukepleiar- og sosialarbeidarutdanninga, er store og meir breie. Nokre utdannar primært kandidatar til offentleg sektor, andre, som ingeniørutdanninga, primært til næringslivet. Utdanningane har ei varigheit på tre, og i nokre tilfelle fire, år.

Medan dei tradisjonelle profesjonsutdanningane som jus, medisin og teologi har si forankring ved universiteta som akademiske utdanningar, er profesjonsutdanningar som sivilingeniør, landbrukskandidat, arkitekt og odontolog institusjonalisert i vitenskaplege høgskular. Kortare profesjonsutdanningar vart opphavleg gjevne ved eigne institusjonar, og desse er gradvis oppgraderte til høgskular. Lærarutdanninga fekk slik status i 1973, sosialarbeidarutdanninga i 1978, sjukepleiarutdanninga i 1982 og deretter fleire andre fram til høgskulereforma i 1994. Gjennom reforma vart desse også slegne saman til større einingar, i dei fleste tilfelle saman med distriktshøgskular. Sjølv om det er store innbyrdes skilnader mellom dei korte profesjonsutdanningane, har dei mange problemstillingar felles, særleg når det gjeld korleis dei kan leggje til rette for god profesjonsutøving, betydninga av praksis undervegs og kunnskapsgrunnlag. Dei tre største profesjonsutdanningane er allmennlærarutdanninga, ingeniørutdanninga og sjukepleiarutdanninga. Til saman utgjer desse over 30% av studentane i høgskulesektoren, medan andre korte profesjonsutdanningar står for ytterlegare 25%.

Profesjonsutdanningane som er omtalte ovanfor, er sentrale for ei rekkje sider ved det norske samfunnet. Helsefaga og sosialfaga er avgjerande for kvaliteten i velferdsstaten sine tenester, lærarutdanninga for kvaliteten i oppvekst og opplæring og ingeniørutdanningane for næringslivet og infrastrukturen i både privat og offentlig verksemd.

Utvalet slår i kap. 14.6 fast at det er behov for å styrke studiekvaliteten i fleire av dei korte profesjonsutdanningane slik at studentane møter sterkare og klarare forventningar. Utvalet meiner særleg det er viktig å styrke kompetansen i lærarutdanningane. Desse er i dag spreidde på svært mange av høgskulane, og utvalet konkluderer med at det i ein så desentralisert struktur ikkje

vil vere mogleg å oppretthalde ein kvalitet i utdanninga som er naudsynt for å nå dei ambisiøse måla som er sette innanfor nasjonal utdanningspolitikk.

Utvalet konstaterer vidare at det i fleire av profesjonsutdanningane er behov for tiltak for å heve kvaliteten i praksisperiodane. Praksisopplæringa bør i større grad sidestilla med opplæringa ved utdanningsinstitusjonane som kvalifiseringsarena, og ansvarsdelinga mellom institusjon og praksisfelt bør gjennomgåast.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at utvalet har arbeidd med å få fram ei styrking av profesjonsutdanningane. Uavhengig av valt struktur bør det vere ei stor grad av desentralisering av dei kortare profesjonsutdanningane. For utviklinga av gode velferdstenester i eit fylke som Sogn og Fjordane er desse utdanningane avgjerande å ha lokalt.

Utvalet slår fast at når det gjeld praksis, bør det ikkje vere for stor avstand mellom utdanningsstad og praksisstad. Fylkesrådmannen peikar på at ei god og realistisk praksisopplæring krev eit tett samarbeid mellom utdannings- og praksisinstitusjonane. Eit slikt samarbeid er eit argument for å oppretthalde ein relativt desentralisert struktur av studiestadar.

Utvalet syner i kap. 14.6 at det er trong for å styrke den formelle kompetansen til personalet i dei korte profesjonsutdanningane, og føreslår at Kunnskapsdepartementet tek initiativ til eit program for kompetanseheving med eit omfang på 50-100 millionar kr. i fem år. Fylkesrådmannen støttar dette framlegget.

## **5.2 Små studiestader**

Stjernø-utvalet gjer gjennom kap. 11 i utgreiinga framlegg om at det, ut frå eit kvalitets- og ressursperspektiv, bør vurderast om det er føremålstenleg å vidareføre enkelte mindre studiestader som fullt utbygde studiestader med permanent lokaliserte fagmiljø. Ei slik vurdering meiner utvalet bør gjerast uavhengig av dagens institusjonsstruktur eller val av organisatoriske løysingar. Høgskulen i Sogn og Fjordane, studiestad Førde, er ein av fem studiestader som vert trekt fram i samband med desse vurderingane. Det vert understreka at studiestaden har svak søking, og at særleg ingeniøruddanninga fleire gonger har vore vurdert lagt ned. Sjølv om sjukepleiarutdanninga er noko større, meiner utvalet at framtida til denne studiestaden bør vurderast nøye.

Fylkesrådmannen støttar i utgangspunktet utvalet sine vurderingar om at innbyggjarar i alle landsdelar og regionar skal ha tilgang til høgare utdanning, og legg i forlenginga av det vekt på lik tilgang til høgare utdanning uavhengig av bustad. Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling lokalt og regionalt er avgjerande for å sikre likestilling innanfor utdanninga og sosial utjamning, kvalifisering for samfunns- og arbeidsliv, innovasjon og nyskaping.

Lokale/regionale studiesentra kan etter fylkesrådmannen si vurdering vere eit supplement til større studiestader. Nye fleksible løysingar og betre økonomiske insentiv for desentraliserte tilbod bør difor utviklast. Fylkesrådmannen meiner likevel det bør vere dei einskilde institusjonane sine styre som får høve til å avgjere kvar det til ei kvar tid skal vere mellombelse og permanente studiestader.

Fylkesrådmannen meiner utvalet har ei for sterk vektlegging av kvantitative tilhøve (institusjonsstruktur, studiestadane sin storleik m.m.) i høve det å fremje kvalitet. Det er ikkje alltid slik at studiestaden sin storleik er avgjerande for kvalitetsnivået på tilboda som vert gjevne, eller på studentane sitt faktiske læringsutbyte. Det er også slik at mindre studiestader har føremoner når det gjeld tilrettelegging for gode studiemiljø, noko Høgskulen i Sogn og Fjordane

har synt over tid. Vi har ovanfor vore inne på at utvalet slår fast at når det gjeld praksis, bør det ikkje vere for stor avstand mellom utdanningsstad og praksisstad. Sjukepleiarutdanninga er lokalisert saman med Sentralsjukehuset i Førde. Gjennom ei slik samordning får høgskulen tilgang til praksisplassar og ein svært differensiert fagleg kunnskap. Sentralsjukehuset er også utdanningsinstitusjon for Universitetet i Bergen si medisinarutdanning.

### **5.3 Livslang læring – eit ansvar på alle utdanningsnivå**

Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å medverke til å skape ein kultur for livslang læring i alt arbeids- og næringsliv. Vidaregåande opplæring vil vere ein tilretteleggjar, koordinator og tilbydar av opplæringstiltak for nærings- og samfunnsliv og den einskilde innbyggjar. For å bygge opp under målsettinga om at vi gjennom samarbeid med lokale samfunnsaktørar og arbeids- og næringsliv skal utvikle dyktige og samfunnsengasjerte innbyggjarar, og at opplæringa skal stimulere både til nyskaping og næringsutvikling, er det sentralt å ha mål og gjennomføringsstrategiar for livslang læring.

Livslang læring inneber at den einskilde kan kombinere og bygge vidare på læring som skjer i skule, arbeidsliv, frivillig arbeid så vel som fritid og familieaktivitetar. Læring føregår gjennom heile livsløpet og innanfor formelle og uformelle rammer og samanhengar. Det livslange perspektivet må vere uttrykk både for einskildmennesket sitt behov og dei nasjonale samfunnsmessige utfordringane.

Programmet for livslang læring (LLP) er EU sitt samarbeidsprogram for utdanning i Europa 2007-13. Over 30 europeiske land deltek i programmet, som omfattar formell og uformell læring på alle nivå. Gjennom EØS-avtalen deltek også Noreg i programmet, og det er ei målsetting å både føre vidare kjente element frå forgjengarane Sokrates og Leonardo daVinci og å starte nye aktivitetar. Koplinga mellom opplæring og næringslivet ligg som ein føresetnad for EU si satsing på utdanning, og programmet framhevast som eit steg på vegen for å nå målsettingane i Lisboa-strategien om å gjere Europa til den leiande kunnskapsøkonomien med berekraftig økonomisk utvikling, fleire og betre jobbar og ei tydelegare sosial utjamning. EU meiner ein berre når desse måla ved å satse på ein større fleksibilitet i arbeidsmarknaden, der evne og moglegheiter for å lære gjennom heile livet er i fokus.

Samfunnsutviklinga krev at både vidaregåande opplæring og forskings- og utdanningsmiljøa på høgskule- og universitetsnivået er fleksibelt innretta slik at dei kan medverke der det til ei kvar tid er behov for kompetanseutvikling og –fornyng. I eit livslangt læringsperspektiv ser vi det såleis som eit naturleg innsatsområde å satse særleg på kompetanseutvikling retta mot lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv i åra som kjem. Vi har vore inne på at særleg høgskulane spelar ei viktig rolle i utviklinga i regionane nasjonalt, både som tilbydarar av høgskuleutdanning og desentrale utdanningstilbod, og som kraftsentra for forskning og innovasjon. Høgskulane sin aktivitet betyr mykje i forhold til sysselsettinga i fylka, både direkte og indirekte i forhold til industri og næringsliv.

Utdanningssystemet må leggje til rette for livslang læring. Dette er avgjerande for å sikre tilførsel av kompetente kandidatar til arbeidslivet, og det stiller spesielle krav til struktur og organisering av universitet/høgskular. Stjernø-utvalet legg i si analyse for lita vekt på dei positive sidene ved dagens struktur og organisering, der m.a. også små og desentrale einingar og tilbod spelar ei vesentleg rolle. Fylkestrådmannen meiner dette perspektivet, og samarbeidet mellom utdanningsnivåa (forvaltningsnivåa) lokalt og regionalt for å sikre eit samordna fokus på livslang læring, er lagt for lite vekt på i utvalet sine tilrådingar. Dette er argument som tilseier ytterlegare at eit godt utbygd og desentralisert nettverk mellom høgskular og universitet tener samfunnsutviklinga i ei tid med store krav til utvikling og fornyng av kompetanse.

## 6. OPPSUMMERING – VURDERING AV MODELLANE<sup>2</sup>

Utgangspunktet for å velje ein framtidig struktur for høgare utdanning bør vere behovet for forskings- og utdanningsmiljøa i eit *samfunnsutviklingsperspektiv*. Val av modell bør følgje som ein konsekvens av dette behovet, og ein bør difor byrje med å gå gjennom føremåla som forskning og utdanning skal tene lokalt, regionalt og nasjonalt.

NOU 2008:3 set søkjelyset på kor viktig det er at norsk næringsliv har tilgang til sterke miljø i forskingsfronten. Det bør ikkje vere noka motsetning mellom å vere internasjonalt orientert og regionalt orientert. Likevel er det vårt inntrykk at NOU 2008:3 *Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning* i for lita grad analyserer og problematiserer rundt omgrep som ”innovasjonssystem” i utkantsamfunn og høgare utdanning og forskning (inkl. forskingsinstitutta) sin plass i høve innovasjonsaktiviteten i distriktsnæringslivet. NOU 2008:3 er i beste fall eit uferdig arbeid som bør følgjast opp med utgreiingsarbeid med eit slikt fokus. Utan ei grundigare drøfting kring slike problemstillingar, er det vanskeleg å dra klare konklusjonar om ønskeleg strukturutvikling.

Fylkesrådmannen ser det difor som ei utfordring å peike på kva for modell som ivaretek behovet for eit godt og desentralisert forskings- og utdanningssystem på best måte.

Fylkesrådmannen støttar utvalet sitt synspunkt om at det er behov for ei styrking av den nasjonale eller samfunnsmessige styringa av sektoren. Det vil difor vere viktig å utvikle eit system som sikrar ei betre arbeidsdeling mellom institusjonane. Relasjonane og arbeidsdelinga mellom institusjonane kan utviklast med utgangspunkt både i fagleg styrke og profil, og ut frå geografi eller landsdel. Ut frå fylkesrådmannen si vektlegging av styrka kontakt mellom institusjon og samfunnet generelt og den regionale omverda spesielt, ser vi det som viktig at den framtidige organiseringa av universitets- og høgskulesektoren legg vekt på desse momenta. Ut frå eit slikt resonnement ser fylkesrådmannen det som viktig at den framtidige modellen legg til rette for å utvikle relasjonane mellom institusjonar som opererer i eit felles geografisk område.

Når det gjeld storhøgskulemodellen, er forplikting med sikte på bindande arbeidsdeling mellom studiestader og betre styring av konkurransen mellom institusjonane ein føremon. Tap av lokal autonomi saman med store organisatoriske kostnader vil likevel virke negativt, og det tydelege skiljet vi får mellom høgskular og universitet vurderer fylkesrådmannen som uheldig.

Fylkesrådmannen ser, med bakgrunn i behovet for ein sterk desentralisert universitets- og høgskulemodell for dei rurale områda i landet, nettverksmodellen og fleircampusmodellen som dei mest aktuelle modellane for framtidig organisering.

I valet mellom fleircampusmodellen eller nettverksmodellen, meiner fylkesrådmannen nettverksløysinga peikar seg ut som det beste alternativet. Også nettverksmodellen har både føremonar og ulemper. Dei mindre høgskulane får i modellen høve til å halde fram som eigne institusjonar, samstundes som det vert lagt til rette for monalege faglege samordningsgevinstar. Innanfor nettverksmodellen må det etablerast strukturar for samarbeid og arbeidsdeling, og samarbeidet må formaliserast. Det vil truleg vere trong for ei felles strategisk tenking i nettverket,

<sup>2</sup> NOU 2008:3 *Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning* drøftar alternative organisasjonsmodellar i kap. 6.2, 6.3, 6.4 og 6.5.

og fylkesrådmannen ser det difor som viktig at dei strategiske mekanismane som utvalet føreslår i samband med ny finansieringsmodell også kan avtalst og setjast i verk av nettverket i fellesskap.